

## Kari Johannesen

---

**Fra:** Ola Midttun <Ola.Midttun@fiskeridir.no>  
**Sendt:** 9. oktober 2015 08:55  
**Til:** Ard arealplan as  
**Emne:** Lindås kommune Hordaland - Varsel om oppstart av planarbeid -  
Reguleringsplan med planprogram og konsekvensutgreiing for Nesfossen  
Smolt gnr56 bnr14 mfl. - uttale

Ard Arealplan AS  
Nygårdsgaten 114  
  
5008 BERGEN

Sakshandsamar: Ola Midttun  
Telefon: 46888567  
Seksjon: Region Vest forvaltningsseksjon  
Vår referanse: 15/9910  
Dykkar referanse: ard015014  
Vår dato: 08.10.2015  
Dykkar dato: 21.07.2015

Att: Jan Espen Vik

### **LINDÅS KOMMUNE HORDALAND - VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID - REGULERINGSPLAN MED PLANPROGRAM OG KONSEKVENSGREIING FOR NESFOSSEN SMOLT GNR56 BNR14 MFL. - UTTALE**

Vi viser til dykkar brev av 21.07.2015 med oppstartsmelding og planprogram for reguleringsplan Nesfossen Smolt AS i Lindås kommune.

#### **Føremål og planstatus**

Føremål med planen er utviding av eksisterande industrianlegg, med sjøvatnbasert anlegg for smoltproduksjon med dei installasjonar som høyrer til eit slikt anlegg. I kommuneplanen er areala avsett til LNF i tillegg til industriføremål. Eksisterande anlegg er ikkje regulert, men er i samsvar med overordna plan og difor tek ein dette arealet med inn i same reguleringsplan for at heile industriområdet skal vere regulert.

Arealbruk i sjøområde som inngår i reguleringsplanen er sett av etter hovudføremålet 'Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner' i arealplanen til kommunen. Tilgrensande sjøområde er sett av for fiske (trålfelt).

#### **Rolle, ansvar og medverknad**

Fiskeridirektoratet er styresmaktene sitt rådgjevande og utøvande organ innan fiskeri- og havbruksforvaltninga.

I saker som får følgje for desse næringane, er det vårt ansvar å sikre deira interesser samstundes som vi skal sikre omsynet til det marine biologiske mangfaldet.

#### **Innspel frå Fiskeridirektoratet region vest**

Fiskeridirektoratet er tilsynsmynde for akvakulturnæringa og av omsyn til sikkerhet og drift av anlegget ser vi positivt på at det vert utarbeida reguleringsplan i samanheng med at

Nesfossen Smolt nylig fått løyve til utvida produksjon av smolt. Når det gjeld regulering for tiltak i sjøområda 2 nye kaier, ser vi ikkje at dette vil medføre vesentleg konfliktpotensial med utøving av fiske. Vi er ikkje kjent med detaljar om eventuell etablering av nye inntaks- og utsleppsleidningar i sjø. Vi ber om vidare orientering gjennom planprosessen og at framlegg til reguleringsplan sendast på høyring til oss.

Med helsing

Hanne Marie Utvær  
rådgiver

Ola Midttun  
seniorrådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan underskrift*

**Mottakarliste:**

Ard Arealplan AS

Nygårdsgaten 114

5008

BERGEN

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland

Miljøvern- og  
klimaavdelinga

5020

BERGEN